

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen

Saknr.: 19-006 **Kommune:** Lindås **gbnr.:** 137/17 m.fl. **Gardsnamn:** Solhaug **Dykkar ref.:** Planid 1263
201901

Varsel om oppstart av privat detaljregulering for Solhaug Bustadområde, gbnr- 137/17 m.fl., Lindås kommune

Dokumentliste:


Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2019	Inn	04/03-2019	Arkoconsult v/ Yvonne Bruvik Hauge	Varsel om oppstart av priv. detaljregulering	SMV

NGIR har mottatt varsel om oppstart av privat detaljregulering for Solhaug Bustadområde gbnr 137/17 m.fl, i Lindås kommune og har følgende merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Lindås kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snumpassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 11. mars 2019



Siv-Merete Vedå
-kunderådgjevar -